

# HANDLINGSPLAN 2025 for Hardanger KorAkademi

Framlegg til årsmøtet 15.februar 2025 i Jondal.

## 1. Organisering og rekruttering:

-Hardanger KorAkademi er medlem av Norges kirkesangforbund. Ved å vere organisert i ein kororganisasjon, står Hardanger KorAkademi i ein større samanheng, og kjem også inn under særavtalar som kororganisasjonar har når det gjeld TONO, momskompensasjon med meir. Og vi er som medlemmer aktivt med og støttar det kulturpolitiske arbeidet som kororganisasjonane gjer for korsongen.

-Hardanger KorAkademi skal vere eit akademi der både dirigentar og vanlege songarar saman kan hente lærdom som dei kan ta med attende til lokalmiljøa sine og dele med lokale kor og songarar der.

- Hardanger KorAkademi har i 2025 eit samarbeid med Ullensvang kulturskule som kanskje kan utviklast vidare. Elles vil korakademiet også samarbeide med folkehøgskular, og andre kursarrangørar for korhelgene, dersom mogeleg.
- Hardanger KorAkademi vil framleis rekruttere nye songarar og sender invitasjon og info om Hardanger KorAkademi både her regionalt til kommunane i Hardanger, til Voss og omegn- og også ut til heile Bjørgvin via Bjørgvin Kirkesangforbund.



Handlingsplan for

## 2. Økonomi

-Hardanger KorAkademi må framleis leite etter nye løysingar som kan kompensere for bortfallet av kortkursordninga via folkehøgskulesystemet.

-Hardanger KorAkademi vil søkje om stønad frå Hardangerrådet, Sparebanken Vest, Sparebankstiftinga Hardanger og andre.

-Hardanger KorAkademi skal vidare gjere ein innsats for å finne andre støtteordningar, ulike sponsorar, og ein hovudsponsor.

-Hardanger KorAkademi vil søkje på Aktivitetsmidlar for kor, vaksenopplæringsmidlar, kulturmidlar og sponsormidlar lokalt der konserten vert arrangert, med meir. Hardanger KorAkademi skal leggje vinn på å finne sponsorar til konsertannonsene.

## 3. Kurs

I 2025 arrangerer Hardanger KorAkademi 4 opne korseminar; 14-16.februar, 23-25.mai, 19-21.september og 7-9.november. Instruktør for Hardanger KorAkademi våren 2025 er Arild Remmereit. Instruktør for hausten er under arbeid.

## 4. Konsertar

8.juni: Konsert i Norheimsund kyrkje 1.pinsedag, under Hardingtonar.

7-9.november: Evt. konserthelg med konsert 9.november?

Hardanger KorAkademi vil arbeide for medverknad i høve viktige markeringar i Hardanger og ved festivalar.

Hardanger KorAkademi vil arbeide for konsertprosjekt i samanheng med Festspillene i Bergen eller andre festivalar 2026 eller 2027.



Handlingsplan for

## 5. Korturar

I korvedtektene heiter det mellom anna at:

”Hardanger KorAkademi vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.”

Førebels har Hardanger KorAkademi vore aktivt i Hardanger, Voss, Sunnhordland, Norhordland, Bergen og nær omegn pluss - ein flott kortur til New Orleans i 2016.

- tur til Europa i 2018, nærare bestemt Ørsta, Spjelkavik og Volda.

- ei gruppe frå korakademiet deltok på Olavsdagene i fellesprosjekt sommaren 2019

-10års-jubileumsturen i 2019, gjekk til Roma 13.-17.oktober.

-15års-jubileumsturen i 2024, gjekk til Irland 5.-9.september

Hardanger KorAkademi vil arbeide vidare med aktuelle turar i åra som kjem.

## 6. Web-side

Hardanger KorAkademi har si eiga web-  
[www.hardangerkorakademi.no](http://www.hardangerkorakademi.no) . Vi ønskjer å bruke denne sida aktivt, slik at ho kan vere ein viktig arena for koret. Notar og andre fellesdokument vert lagra på Dropbox. Koret nyttar også korappen ChoirMate. Og koret har ei enkel Facebookside.

## 7. Logo

Hardanger KorAkademi brukar kunstnaren Arne Bakke Mælen sitt tresnitt ”Korferd i Hardanger” som logo.

